

Eit mangfald av verksemder rundt 1950

10.12.2007



Eit av bakeria var det til Sætre. Her er Helmer Sætre og Leif Olderkjær, truleg rett etter krigen.. (Foto frå Harald Sætre)

Av dei 160 verksemndene fra Kvinnherad som var registrerte i "Det norske næringsliv – Hordaland fylkesleksikon" i 1952 var 12 frå Uskedalen, går det fram av artikkelen av Jorunn Toskedal i den nyleg utgjevne årboka til sogelaget. Her er tala frå dei delane av kommunane Varaldsøy, Fjelberg og Skånevik som seinare vart innlemma i Kvinnherad rekna med. Også Dimmelsvik hadde 12 verksemder.

Det var eit blomstrande og mangfoldig handels- og næringsliv i kommunen rundt 1950, men sidan er det skjedd store endringar i den interne fordelinga av verksemder og av tyngdepunktet i folkesetnaden.

Til dømes var det 25 verksemder på Sunde og 35 i Rosendal, men berre to på Husnes! Fartybygginga var spredt jevnt utover kommunen og det var til dømes fire slike verksemder både på Løfallstrand og Hatlestrand.

Med omsyn til butikkane og handverksbedriftene, var det langt større spreiing og spesialisering enn i dag. Til dømes var det meir enn 10 bakeriar og av dei to berre i Uskedalen.

Det er interessant å samanlikna vår bygd med Dimmelsvik, der det også var eit mangfald av verksemder. Også dei hadde to bakeri, men også to smedar og tre som dreiv med ymse trevareproduksjon.

Det var dessutan treskofabrikk, sanddrift, manufakturbutikk, samyrkelag og to kolonialbutikkar til. I dag er Dimmelsvik ribba for det meste.

Næringsleksikonet var neppe helt komplett, for verksemndene måtte betala for å vera med.
I Uskedalen var hermetikkfabrikken den dominerande verksemda med 120 tilsette. Eidsvik hadde berre 10-12 den gongen.

Dette var verksemndene i Uskedalen:

- Bjelland Skomakarverkstad. Innehavar Adolf Bjelland, ein tilsett.
- Ivar Bringedal, skipa 1920, assortert landhandel, handel med fisk, kjøt og grønnsaker, fiskemat, pølsemakeri, røykjeri, fiskebilrute for Kvinnherad og omegn, bensinstasjon, kjøp og sal av huder og skinn.
- Eidsvik Båtbyggeri, skipa 1920 på Snilstveit, flytta til Uskedalen 1941, nybyggjing, reparasjon og ombyggjing av fiskebåtar inntil 95 fot, 10-12 tilsette ved full drift.
- Jacobine Haugland, manufaktur- og landhandel.
- Hermetikkfabrikken "Hardanger", skipa 1895, eigar Bergen Preservering Co. AS, styrar Gunnar Flatebø, nedleggjing av brisling og sild i tomat og olje, pakking av frukt, kunne pakka 300-400 skjepper brisling dagleg, 120 tilsette.
- Jacob Myklebust, skredderi.
- M. Myklebust, landhandel, dampskipsekspedisjon.
- H. Sætre, skipa 1935, bakeri og konditori.
- Uskedalen Dampbakeri, skipa 1919, innehavar Odd Myklebust, produksjon av brød og kaker for eige utsal og for leveranse til butikkar i distriktet.
- Uskedalen Handelsforretning, innehavar Sigurd Arnesen, kolonial, manufaktur, jernvarer, skotøy, isenkram, mjøl og forvarer, bensinstasjon og oljelager, telestasjon og dampskipsekspedisjon.
- Uskedalen Samyrkelag, skipa 1928, styrar N. Kolltveit, kolonial, manufaktur, jernvarer, skotøy, isenkram, såkorn og forvarer, cement og bensintank.
- Uskedalen Trelastlager, skipa 1929, innehavar T.S. Myklebust, komplett lager av alle slags trevarer og bygningsartiklar.

Av Ola Matti Mathisen



Hermetikkfabrikken var den dominerende verksemda rundt 1950, men dette biletet vart teke langt tidlegare. (Foto frå ungdomslagets arkiv).